

KYRKJEBLAD FOR ÅL



FØREBUING TIL PÅSKE / MORMORA MI VAR MIN KLIPPE
STORSLAGENT FOREMIDDAGSTREFF / BISKOPEN KJEM PÅ VISITAS / STOLT TRADISJON

NR. 1 | 2024 | 65. ÅRGANG



Fokus: Diakonalt arbeid

Diakonen Line Bakke med mormora si Liv. Les om «Veien til diakoni: Mormor var min klippe på s. 4.

«Den som vil bli stor mellom dykk, skal vera tenaren dykker; og den som vil vera den første av dykk, skal vera slaven dykker.
Menneskesonen er heller ikkje komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepenger for mange.»

MATT. 20: 26-28

Førebuing til påske

«Seks dagar etter tok Jesus med seg Peter, Jakob og Johannes og førte dei opp på eit høgt fjell, der dei var åleine. Då vart han forvandla for auga deira, og kleda hans vart så skinande kvite at ingen som bleikjer klede her på jorda, kan få dei så kvite. Elia synte seg for dei saman med Moses, og dei snakka med Jesus. Då tok Peter til orde og sa til Jesus: «Rabbi, det er godt at vi er her. Lat oss byggja tre hytter, ei til deg, ei til Moses og ei til Elia.» Han visste ikkje kva han skulle seia, for dei vart så redde. Då kom det ei sky og la skugge over dei, og

.....

ANDAKT



Av Hilde Kirkebøen, Ål

frå skya kom det ei røyst: «Dette er Son min, han som eg elskar. Høyр han!» Men best dei såg seg omkring, såg dei ingen annan enn Jesus; berre han var hos dei. På vegen ned frå fjellet forbraud han dei å fortelja nokon kva dei hadde sett, før Menneskesonen hadde stått opp frå dei døde. Dei merka seg det ordet og diskuterte med kvarandre kva det er å stå opp frå dei døde. «Kvífor seier dei

skrifflærde at først må Elia koma?» spurde dei. Jesus svara: «Elia kjem først og set alt i rett skikk. Kvífor står det så skrive om Menneskesonen at han skal lida mykje og bli vanvord? Men eg seier dykk: Elia er alt komen, og dei gjorde med han som dei ville, slik det står skrive om han.» (Mark 9,2-13)

Læresveinane får eit glimt inn i påska – der Jesus som Guds mektige son – blir vanvord og skal lida for deira skuld. Vår skuld. Rett for augo blir han forklart og forklåra. Slik han verkeleg er. Stor og mektig, skinande stille lys. Rett for augo blir han hylla som ein konge – og like etter svikta og avskydd av alle.

I den spesielle situasjonen får Peter trong til å bygge hytter. Det er lite som overgår hytte på fjellet. Likevel har Gud andre planer. Han spenner himmelen ut som ein teltduk. Han omfamnar jorda med ein himmelsk målestokk av nåde. I møte med kvarandre brukar me ofte verda sin målestokk. Me kan bli gjerrige på nåde når me dørmer feiltrinn hjå andre. Mot ein himmelsk målestokk er ikkje alltid skilnadene mellom oss så store. Om me let oss forføre av frykt, fordømming og sjølvrettferd, dansar me i utakt med nåden. Det er dette Gud vil minne oss om som ei førebuing til påska - som ligg rett framom oss.

Me kan skinne, reine og kvite, av eigen kraft og målestokk, men til sjuanede og sist møter me ofte vår eigen narsissist. I det sjølvsentrerte spegbilete. Det er da Gud ber oss vere stille og lytte til han som står i lyset. Som er lyset. Ta vår tilflukt i han som beskyttar, overskuggar – og gir lys - til alle lys. Når han er teltstanga i midten, heldt han livet oppe. Gjennom vår takk opnar taket seg mot himmelen. Over heile jorda og kvart enkelt mennesket breier han ut himmelen, som ei rettferdskappe.

Da er det ikkje så farleg om vårt eige korthus klappar saman. Det byggverket me klamar oss til, set vår lit til, kan skugge for himmelen over oss.



Transfigurasjon – Giovanni Bellini 1480

Takk til Birger Bolstad og Liv Margit Sørboen

I fire år (2020-2023) har Birger Bolstad vore redaktør i "Kyrkjeblad Ål". Med seg har han hatt Liv Margit Sørboen i redaksjonen hele perioden. Den innsatsen som er nedlagt kan ikkje omtala som anna enn formidabel!

Som organ for sokneråd og fellesråd har kyrkjebladet ein viktig funksjon. Men i tillegg har dei fleste som les bladet nok

lagt merke til at Birger og Liv Margit har hatt eit ønske om også å vere relevant for heile lokalsamfunnet.

Kyrkjebladet går som fulldistribusjon til alle husstandar i Ål kommune, i tillegg til at eit 50-tals abbonantar får bladet tilsendt. Opplaget er på mellom 2200 og 2500 kvar månad. Forsking viser at om lag 80 % av dei som mottek kyrkjebladet

les det, uavhengig korleis relasjonen elles er til kyrkja. Dette tyder med andre ord at Birger og kyrkjebladet når svært langt med sitt arbeid, og har kommunisert med stort sett alle innbyggjarar i Ål kommune dei siste fire åra.

Vi er mange som er takksame for den jobben som Birger og Liv Margit har gjort for kyrkjebladet.

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Svetlana Anistratenko og Line Bakke | Dei usignerte artiklane har redaktøren skrive

BANKGIRO 2320.20.70272 | **VIPPS** 627063 | **ADRESSE** Postboks 140, 3571 Ål | **UTGJEVAR** Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00 | post.aal@kyrkja.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Sveinung Hansen | **SOKNEPREST** Geir Wiknes | **PROSTIPREST** Ole-Jonny Kleveland Lomme (vikar)

KYRKJEVERJE Svetlana Anistratenko | **SEKRETÆRAR** Guro Stave • Elin Etterlid Tveito | **MUSIKRAR** Vermund Olav Aukrust • Ingunn Stræte • Håkon Tveito

DIAKON Line Bakke | **REINHALDAR** Kamila Pruchnik | **KYRKJETENARAR** Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen

SOKNERÅDSLEIAR Frøydís Stoveland Dekko | **FELLESRÅDSLEIAR** Arild Øystese Hansen

HVA SKJER I KIRKEN?



Foto: Bo Mathisen

Babysang:

Sidan november har vi hatt babysang kvar måndag 11-13. Det er eit godt oppmøte. Mellom 6 og 12 babyer m/mødre har kome. Ingen fedre har dukka opp, så me venter spent på dei óg.



Foto: Pixabay

SuperTirsdag:

I haust begynte tanken om å kunne lage til noko felles for småbarnsfamilier i ein travel kvardag. Ideen vart til supertirsdag. Denne dagen serveres det varm mat kl 16.00 og vi avslutter 17.30.



Foto: Unsplash

Strikkekaffe:

Ideén kom fra småbarnsmødre om å kunne ha ein plass å strikke og skvaldre. Dette blir eit lite prøveprosjekt, og ser me at det er god stemming for dette så blir det ein fast aktivitet i kyrkjestugu kvar fredag frå 11-13. Det står framme vaffelrøre som ein kan steike seg, og det er kaffi/te.

Sorggruppe for menn

Eit tilbod for deg som synest det er vanskeleg å setje ord på sorga. Her får du høve til å møte andre menn som slit med det same. Oppstart vert avtala nærmere med dei påmelde. Vi møtes annankvar veke i Ål kyrkjestugu.

Sorggruppe etter samlivsbrudd

Mange finn trøyst og støtte i å vere med i ei sorggruppe der ein møter andre som har opplevd samlivsbrudd. Vi møtes annankvar veke i Ål kyrkjestugu. Oppstart vert avtala nærmere med dei påmelde.

Sorggruppe for kvinner

For deg som vil møte andre som har mista ein ektefelle eller ein samboar. Vi møtes annankvar veke i Ål kyrkjestugu. Oppstart vert avtale nærmere med dei påmelde.

Sorggruppe for ungdom

For ungdom frå 14-20 år som har mista nokon som har stått dei nær, eller som er pårørande til eit sjukt familiemedlem. Vi møtes annankvar veke på kveldstid i Ål kyrkjestugu. Oppstart vert avtale nærmere med dei påmelde.

Sorggruppe for etterlatne etter sjølvmort

Korleis vi mistar nokon som står oss nær kan påverke kor traumatiske det opplevast. Er du pårørande etter nokon som har tatt sitt eige liv? Det er ekstra smertefullt.

Mange ubesvarte spørsmål og vondre følelsar kan prege dei etterlatne. Følelsar som skam, sinne og därleg samvit er heilt normalt. Reaksjonane er like individuelle som vi er menneske, og det finst ingen rett eller god måte å sørge på. Då er det viktig å få sett ord på korleis ein har det. Mange finn trøyst og støtte i å vere med i ei sorggruppe, der ein møter andre som har opplevd å miste nokon i sjølvmort. Sorggruppa er eit gratis tilbod til innbyggjarane i heile Hallingdal.

Kontaktinformasjon til gruppeleder for sorggruppene:

Line Bakke- diakon med bakgrunn som klinisk familieterapeut. Ring eller send ein sms til Line på tlf: 928 50 434

Line Bakke er vår nye diakon. Line kjem frå Groruddalen i bydelen Lindeberg i Oslo. Ho gjekk på KG (Kristeleg Gymnasium i Oslo) samtidig med kronprins Håkon. Ho er utdanna barnevernspedagog og familie-terapeut. Line vart vigsla til diakon av Biskop Tor Berger Jørgensen i Meløy den 3. mai 2009. I intervjuet fortel Line om korleis ho fann vegen til å jobbe som diakon og om når ho kjenner seg nærest Gud.



VEGEN TIL DIAKONI:

Mormora mi var min klippe

Svetlana Anistratenko,
Kyrkjeverje i Ål kyrkjelege fellesråd

Kan du fortelle om kvinna på biletet og kva rolle ho spelte for at du er diakon i dag?

Det er mormora mi, Liv Hilton Johansen. Ho har vore mi klippe i livet. Mormor var oppteken av å ta vare på andre menneske og lytte til dei. Det starta med min oldemor Elisabeth Evensen. Ho hadde to søner som gjekk bort under krigen. Dei var begge styrmenn i marinen.

Oldemor fortalte ofte om dei og det

gjorde sterkt inntrykk på meg korleis Paul, den ene sonen kom til ho i vindauge etter at han blei drepen av ein torpedo. Den opplevinga hjalp oldemor mykje i den livslange sorgen etter sønene sine.

Både mormor og oldemor var sterke og uredde kvinner, noko som smitta over på meg. Dei lærde meg blant anna at ei god samtale er vårt viktigaste verktøy. Deira nærvær og lys for menneske i mørket gjorde et sterkt inntrykk på meg som lita jente. Mormor, oldemor, mamma og eg var mykje saman og deira interesse for eksistensielle

tema gjorde at eg valde å utdanne meg til diakon. Med andre ord har eg hatt ein svært inspirerande og kjærleksfylt oppvekst med eit stort fokus på å hjelpe og støtte andre menneske. Som diakon har eg no moglegheit til å halde fram med å vere til stades for andre som slit og treng ein medvandrar eit lite stykke på vegen vidare.

Om ein fell ut av kyrkja, om ein mister Gud, kva ville mormor ha sagt då?

Mormor hadde ein filosofi om at det er så viktig å få moglegheita til ein ny start, uansett kva ein har opplevd. Ho var opptatt av å finne dei små glimta av gode ting midt i alt det mørke. Ho var opptatt av å være uredd og tørre å stille dei tøffe spørsmåla. Eg har jo jobba ein del innafor kyrkja med sjølvordsførebygging kor vi la til rette for å snakke om dei vanskelege tinga. Då trur eg vi kan førebygge mykje einsam og isolasjon.

Når føler du at Gud er nær deg?

Eg går mykje i fjellet. Der kjenner eg Guds nærvær veldig sterkt. I tillegg føler eg meg nær Gud når eg tegnar og målar, spesielt i tunge perioder av



livet. Den vondaste tida eg har opplevd var då mi kjære mormor døydde. Eg var heilt knust av sorg og sat åleine på ein hybel. Eg byrja då å måle, og brått dukka det opp ein engel i biletet som ikke eg hadde måla sjølv. Då kjende eg meg omslutta av Gud, og eg forstod at livet kom til å bli godt att. Dette var eit sterkt møte med Guds omsorg, og det er akkurat det som er så fantastisk med Gud, at han veit akkurat korleis han kan trøyste oss, hvis vi lar han få sleppe til.

Kva er det du likar best med å jobbe som diakon?

Eg synes det er veldig spanande å møte folk, å få høre deira historie, for saman utgjer vi mennesker ein mosaikk. Kvar gong vi møter nokon så speglar vi kvarandre og vi får ein liten bit av den andre si historie. Det kallar eg eit kunstverk frå Gud.

Kva synest du om Ål?

Eg opplever Ål fyst og fremst som ei veldig varm og inkluderande bygd. Veldig morosamt at det er så mange diakoner i bygda. Det er en stolt tradisjon som eg gleder meg til å føre videre. Det er også mange frivillige her i bygda som gjør ei viktig teneste og som er heilt avgjerande for at diaconien skal kunne fortsetja å blomstre her.

Mormor hadde ein filosofi om at det er så viktig å få moglegheita til ein ny start, uansett kva ein har opplevd.



Storslagent formiddagstreff i Vats bedehus

31. januar var det fullt hus i Vats bedehus med artisten og ålingen Tove Bøygard.

Skrevet av: Line Bakke

Ikkje eit einaste auge var tørt etter temaet «nestekjærleik og utanforskap». Ingvard Solberg leia oss gjennom føremiddagstreffet med eigen gitar, og Aslaug Holeplass heldt ein oppbyggande andakt der ho mellom anna nemnde den litt engstelige og forsiktige Ludvik frå Fråklypa som tar tak i si eiga hand når han blir redd.

Snitter og hjembakte kaker gikk unna og praten satt løst sammen med denne flotte gjengen som hadde tatt turen til naturskjonne Vats.



Sang og musikk av Tove Bøygard.

Biskop Jan Otto kjem på visitas

Me gler oss til å ta imot biskop Jan Otto Myrseth på hans første bispevisitas i Leveld, Torpo og Ål sokn i midten av mars. Formålet med visitasen er å støtte, inspirere og rettleie menigheter og tilsette, og gjøre kyrkja si tilverking synleg i lokalsamfunnet. Kyrkja vil styrke relasjonar med lokalsamfunnet for å finne nye vegar for ei ny tid.

SKREVET AV:PROST SVEINUNG HANSEN

Difor, i løpet av visitasen, ønskjer biskopen å bli kjend med situasjonen i sokna

og korleis menighetsarbeidet fungerer, samt å utfordre oss til å arbeide målretta med kva vi kan endre, styrke og forbedre. Biskopen har eit tett og innhaldsrikt program når han vitjar oss i veka 11. Delar av programmet er opent og offisielt, medan nokre programpunkt er interne og består av samtalar med dei kyrkjelege tilsette, møte med sokneråd, møte med kommunens politiske og administrative leiing, skulebesøk og besøk hjå lokalt næringsliv. Biskopen vil blant anna bli kjend med ulike sider ved menighetsarbeidet som konfirmantarbeidet, kyrkja sitt arbeid i samband med reiseliv og hytteturisme, diakonalt arbeid, kyrkje-skule-samarbeid, beredskapsarbeid og samarbeid med andre.



Biskop Jan Otto Myrseth

hytteturisme, diakonalt arbeid, kyrkje-skule-samarbeid, beredskapsarbeid og samarbeid med andre. Diakonirådgivar Astrid Olga Tretterud, kommunikasjonsrådgivar Torill Helene Heidal Landaasen og kulturrådgivar Tore Dvergastein følgjer biskopen på visitasen.

Me ønskjer biskopen velkommen til oss og håper at mange har høve til å delta på det offisielle programmet.

Biskopen vil blant anna bli kjend med ulike sider ved menighetsarbeidet som konfirmantarbeidet, kyrkja sitt arbeid i samband med reiseliv og hytteturisme, diakonalt arbeid, kyrkje-skule-samarbeid, beredskapsarbeid og samarbeid med andre.

Glimt frå reveavlens barndom i Ål kyrkjestugu

7. februar hadde me besøk av Knut Veslegard og temaet "aldri har sindige fjellbønder vore nærmare Klondike og gullgraverstemning enn dei var med reveandelen i mellomkrigstida.



Her ser me vertinnene frå føremiddagstrefft:
F.h: Magnhild Hedenstad, Else Alvheim og Anne-Lise Øyre.



Meiningsfull fritid

Me har mange oppgåver som ventar på nettopp deg her i kyrkje-lyden. Kanskje du kunne tenkje deg å lære nokon å strikke, eller å vere med på å koke kaffi og bake ein kake til ein kyrkje-kaffi? Kanskje veit du i tillegg om nokon som kunne trengje ein samtalepartnar som sit litt einsam heime, eller kanskje du saknar eit sosialt fellesskap. Då er det berre å ta kontakt med diakonen Line, så finn vi ein meiningsfull teneste til deg.

Her ser me ei av dei flotte frivillige som gjer ein teneste i nordbygdene.

VI GÅR I KYRKJA

DØYPTE

Leveld:

14.01.2024 Elias og Felix Gullhagen
Skråmestø

Ål:

19.11.2023 Ada Ølnes Hodnungseth
07.01.2024 Mille Blakkisrud Moland

VIGDE

Ål:

11.11.2023 Maria Pauline Stølen og
Marius Navjord Nicolaysen

DØDE

Torpo:

17.12.2023 Herbrand jr. Tretterud f.: 1933
23.12.2023 Halvor Løken f.: 1929
13.01.2024 Marit Dalby Sorteberglien f.: 1985

Ål:

18.11.2023 Sigrid t Halstensgård f.: 1932
20.11.2023 Solveig Otilie Breie f.: 1937
24.11.2023 Borghild H Strendo f.: 1928
29.12.2023 Arnfinn Bøygard f.: 1919
30.12.2023 Svein Olaf Eikra f.: 1950
27.12.2023 Sjur Etterlid f.: 1998
06.01.2024 Anna Baklien f.: 1932
03.01.2024 Francomaria Giuseppe Virginio Dezottis f.: 1962
18.01.2024 Magne Gjerden f.: 1938
27.01.2024 Ola H Bøygard f.: 1933

Leveld:

29.03.2024 19:00
31.03.2024 11:00
28.04.2024 11:00
12.05.2024 11:00
17.05.2024 11:30
09.06.2024 11:00

Torpo:

10.03.2024 11:00
28.03.2024 11:00
14.04.2024 11:00
05.05.2024 11:00
17.05.2024 11:00
20.05.2024 11:00
01.06.2024 12:00

Ål:

17.03.2024 11:00
28.03.2024 19:00
29.03.2024 11:00
30.03.2024 22:00
31.03.2024 11:00
07.04.2024 11:00
21.04.2024 19:00
01.05.2024 11:00
05.05.2024 18:00
09.05.2024 11:00
17.05.2024 10:00
19.05.2024 11:00
20.05.2024 18:00
26.05.2024 11:00
02.06.2024 11:00

Nystølhovda på Opheimsåsen:

31.03.2024 13:30

Nystølkirka:

24.03.2024 11:00

Sangefjell naturkatedral:

28.03.2024 13:00

Vats fjellkyrkje:

24.03.2024 11:00
(Sportsandakt)

28.03.2024 11:00

Ål kyrkestugu

Onsdag 3 april
kl. 11:00-13:00

Dagens gjest: Karen-Margrethe Erlandsrud fortel fra boka si «Aller helst vil eg dansa». Andakt ved prostiprest Ole-Jonny Kleveland Lomme

Ål kyrkestugu

Onsdag 5 juni

kl. 11:00-13:00

Dagens gjest og andaktsholder: Helge Svanaasen med temaet «En Gud som overraskar»

Vats bedehus

Onsdag 24 april

kl. 12:00-14:00

Bildeframstilling ved Ole Johs Brye. Andakt ved diakon Line Bakke

Jubileumstreff for 50-års-konfirmanter

26. mai i Ål kyrkje
kl. 11:00

Familievernkontoret: 32 12 33 44

Samtaler for par, familier og enkeltpersonar.
Kommunikasjon, konfliktløysing, foreldrerettleiring,
mekling m.m. Tilbodet er gratis
www.familievern.no • www.bufetat.no

Offisielt program for bispevisitas i Leveld, Torpo og Ål sokn

TYSDAG 12. MARS

Morgonmesse i Ål kyrkje

kl. 09.00 ved prostiprest Ole-Jonny Lomme og biskop Jan Otto Myrseth

Super Tysdag i kyrkestugu

kl. 16.00-17.00 (Fellesmiddag for små og store, 30 kr per pers / 100 kr familie)

Førprat om «Stavkyrkja» i Ål kulturhus

kl. 18.00. Kulturrådgivar Tore Dvergastein leiar samtale mellom biskopen, manus-forfattar Eldgrim Springgard og komponist Jo Asgeir Lie om forestillinga sin tematikk og dei spørsmåla som den reiser.

ONSDAG 13. MARS

Morgonbøn i Vats Fjellkyrkje

kl. 09.00 ved fjellprest Vetle Styve Sæbø.

Formiddagstreff i Vats Bedehus

kl. 12.00-14.00

Andakt og nattverd i Kårstugu

kl. 17.00 ved diakon Line Bakke og biskop Jan Otto Myrseth

Kveldsbøn i Ål kyrkje

kl. 21.00 ved prost Sveinung Hansen

TORSDAG 14. MARS

Morgonbøn i Torpo kyrkje

kl. 09.00 ved sokneprest Geir Wiknes

SUNDAG 17. MARS

Folkemusikkmesse i Ål kyrkje

kl. 11.00. Kirkekaffe og visitasforedrag i kyrkestugu etter gudstenesta.

Kirkens SOS: 22 40 00 40

(landsnr.)

Neste nummer av Ål kyrkjeblad

Kjem ut 10. juni

Line Bakke, diakon

Søndag 28. januar vart Line Bakke vigsla og ønskt velkommen som diakon i Ål. Ho er den sekstande i ei samanhanga rekke av diakonar frå Johan Strand vart tilsett som den første i 1964.

Typisk for nesten alle som har følgt etter, er at dei etter avslutta diakoneneste i kyrkja har blitt verande i kommunen. Både det som nå er Hallingdal sjukestugu, Ål helse- og sosialsenter, Familievernet, Flyktingtenesta, Jølstad Hallingdal gravferdsbyrå og nå også kafé Tid har hatt tidlegare diakonar som viktige initiativtakrar, leiarar og medarbeidarar. 7 av desse bur framleis i kommunen.

I tillegg er det svært mange andre med diakonutdanning som heilt sidan slutten av 1970-åra har søkt arbeid og busett seg her.

Liv og Ingvard Solberg er det første diakon-ekteparet i Norge

- Korleis møttest de, og når byrja de arbeidet som diakonar?

Sidan vi begge er utdanna sjukepleiarar og diakonar ved Diakonhjemmet, er det nok ikkje noko sjokk at forelskinga, forlovinga og bryllaupet skjedde i tida ved Diakonhjemmet. Vi slo rot i Leveld i 1980 med tanken om å vere der i 3-5 år. Det har blitt til 44, og no håper vi å



finne ein stad på Leveld kyrkjegard når tida er inne. Ingvard fortel at han starta diakonenesta som den første personen med tittelen soknediakon i Ål. Liv var heimearbeidande eit år før ho fekk tilbod om jobb som sjukepleiar og seinare avdelingsleiar ved Hallingdal sjukestugu før tre nye barn meldte sin ankomst i rask



Stolt tradisjon

TIDLEGARE DIAKONAR I ÅL: Framme f.v: Målfrid Bergaplass, Line Bakke, Hilde Kirkebøen. Bak f.v: Bente Sletten, Steinar Aa, Liv solberg, Berit Kilde og Ingvard Solberg.

Det er i hvert fall 16 personar med diakonutdanning i Ål. Vi kan utan tvil hevde at Ål er den kommunen i landet

der det bur flest diakonutdanna i høve til folketalet.

rekkefølge. Ho fekk ca. 10 års teneste som heimegåande mor på heiltid.

Hva ble hovedfokuset deres i deres tjeneste som diakonar?

Då vi, som det første diakonparet i landet, delte diakonstillinga i 1990, byrja vi med nokre enkle samlivskurs. Liv hadde fått ei visjon om å etablere eit tilbod om familie-terapi i Ål, som etter kvart vart til Kirkens familievernkontor i Hallingdal.

Ingvard hadde i tjenesten hovedfokus på ungdom, Synzygus, konfirmantarbeid, Mc- miljøet, asylsökere og det kristne fellesskap mm.

Me meiner også at utanforskning er eit tema som bør utfordre diakonien nå i Ål.

Hvilke diakonale utfordringar ser dere i Ål nå?

Tove Bøygard tok for seg temaet "Nestekjærlek og utanforskning" på føremiddags-treffet i Nordbygdene i januar. Me meiner også at utanforskning er eit tema som bør utfordre diakonien nå i Ål.

«Eit barn står åleine i friminutta i skulegarden. Ein ungdom står åleine, ingen bestevenner. Ein busett flykting håpar på eit vennleg hei i køen på Kiwi. Ein voksen

Nokre ord frå diakonen

Diakoni er temaet i dette bladet. Den norske kyrkja sitt diakonale arbeid bygger på fire hovudområder:



- Nestekjærlek
- Inkluderande fellesskap
- Vern om skaparverket
- Kamp for rettferd

Andelege og eksistensielle behov er ein del av det livet vi lever. For dei fleste handlar det om kva som gir mening og kjennes viktig, både i kvardagen, i møte med store spørsmål i livet og når livet blir ekstra sårbart. Då er det godt å møte samtalepartnarar som har tid og interesse. Hugs difor at vi er her for deg om du trenger nokon å snakke med.

har store utfordringar i livet sitt, ingen å dele det med. Ein pensjonist er åleine att i dette livet og treng eit fellesskap.»

Utfordringane for diakonien står i kø seier Liv og Ingvard.